



Bakgrunn for vedtak

Grunnvassuttak for industriføremål i Nordre Vartdal

Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshavar	Poly-Har AS
Referanse	201836297-13
Dato	21.04.2021
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Ine Cecilie Mork Olsen

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.setjas automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9

7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

SAMANDRAG	1
SØKNAD	2
HØYRING OG DISTRIKTSBEHANDLING	4
NVE SI VURDERING	6
NVE SIN KONKLUSJON.....	9
FORHOLDET TIL ANNA LOVVERK	10
MERKNADER TIL KONSESJONSVILKÅRA ETTER VANNRESSURSLØVA	11

Samandrag

Poly-Har søker om konsesjon etter vassressurslova § 45 til å utnytte grunnvatn i Nordre Vartdal i Ørsta kommune. Søknaden gjeld uttak av maksimalt 15 l/s og 2200 m³/veke. Foremålet med uttaket er at det skal vere ei reservevasskjelde til bruk som kjølevatn i industriverksemda.

Det har i forbindelse med høyring ikkje kome fram opplysningar om at uttaket vil få vesentlege verknader for ålmenne interesser, men det er peikt på enkelte forhold som bør vurderast og bli teke omsyn til. Dette gjeld blant anna miljømål for vassførekomsten og kantvegetasjonen langs vassdraget. NVE har vurdert at tiltaket sitt omfang og verknad for naturmangfald er godt nok utgreia jamfør naturmangfaldlova §§ 8 og 10, og at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 ikkje skal vektleggast.

Det er avdekt at ferskvassakviferen står i direkte kontakt med saltvatn lengst ut mot fjorden og i djupet av lausmassane. Storleiken på uttaket og senking av grunnvassnivået heng derfor saman med den kvalitative tilstanden på grunnvatnet, der risiko for salinitet i grunnvatnet vil auke i takt med senking av ferskvassakviferen. Målingar av kor mykje ferskvatn ein kan ta ut utan å trekkja inn saltvatn, har vist ein samla kapasitet til to brønner på 15 l/s. Topografi og mektigheita av lausmassar oppover i dalen, saman med eit avgrensa uttak av grunnvatn både i volum og tid, vil etter NVE si vurdering medverke til at kviferen har tilstrekkeleg kapasitet for det omsøkte uttaket og at risiko for auka salinitet i ferskvassakviferen blir redusert. Samfunnsmessige fordelar ved vassuttaket er å tryggja industriverksemda og arbeidsplassar, og at det lokale vassverket blir mindre belasta i tørre periodar med mindre tilsig av vatn.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Poly-Har AS løyve etter vassressurslova § 45 til grunnvassuttak i Nordre Vartdal. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Poly-Har AS, datert 20.02.2019:

«Etter vassressurslova jf. §8, vert det søkt om løyve til:

- uttak av 2200 m³/veke eller maksimalt 15 l/s med grunnvatn frå Gnr/Bnr 96/8 til bruk for Poly-Har AS.»

Hovuddata for grunnvassuttaket

Hovuddata for grunnvassuttaket er presentert i tabellen nedanfor. Brønnane er plassert i lausmassar. Grunnvassmagasinet er eit opent magasin som består av sand og grus og grenser til elv og sjø. Grunnvassuttaket vil skje frå dei to etablerte pumpebrønnane.

TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	18,4
Middelvassføring	l/s	1416,8
Alminneleg lågvassføring	l/s	69,9
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	160,1
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	53,4
GRUNNVASSUTTAK		
Tal på brønnar	stk.	2
Maksimalt totalt grunnvassuttak	l/s	15 (2200 m ³ /veke)

Om søkjar

Søkjar Poly-Har AS er ei bedrift som produserer emballasje av ekspanderbar polystyren (EPS). Poly-Har AS har hovudkontor på Vartdal i Ørsta kommune, ei produksjonsavdeling på Ualand i Lund kommune, og i tillegg fleire heileigde og deleigde fabrikkar langs kysten av Noreg.

Skildring av området og grunnvassmagasinet

Uttaksområdet for grunnvatn er lokalisert i Nordre Vartdal i Ørsta kommune i Møre og Romsdal. Nordre Vartdal ligg ved munninga av Ådalen der dalen møter Vartdalsfjorden. Dalen har bratte fjellsider på både aust- og vestsida, og dalbotnen har store område med dyrka mark. Brønnane er plassert på eit elvedelta ved Storelva sitt utløp til Vartdalsfjorden.

Berggrunnen i området består hovudsakleg av gneis, men er dekt av relativt tjukke lausmasseavsetningar. Lausmassekartet utarbeidd av Noregs geologiske undersøking (NGU), viser at øvre del av Ådalen og fjellsidene er dekt av skredmateriale og tjukk morene. Dalbotn langs Storelva har hovudsakeleg elveavsetningar som strekkjer seg heilt ut til elvemunningen, men med breelvavsetningar og randmorene på begge sider av elva.

Grunnvassmagasinet er i søknaden skildra som eit ope magasin, der nydanning av grunnvatn i hovudsak skjer som følgje av nedbør og tilførsel av grunnvatn frå lenger oppe i dalen. Lengst frå fjorden har grunnvatnet relativt høg temperatur i den grunnaste delen, noko som tyder på relativt stor innverknad av overflatenært grunnvatn og overflatevatn. I djupare deler av magasinet er det stabil

temperatur og mindre innverknad av overflateforholda. I ytre og djupe delar av magasinet er det salt grunnvatn.

Brønnane er plassert på elvedeltaet ved Storelva sitt utløp til Vartdalsfjorden, markert i blått i kartet nedanfor. Peilebrønner er markert med grønt.

Utanom dei to grunnvassbrønnane får bedrifta si vassforsyning frå Merkingselva, som er ei lita elv som renn ut i sjøen like ved fabrikk, og frå det lokale vassverket i Vartdal. Det vert opplyst i søknaden at vassføringa i Merkingselva er låg i periodar med lite nedbør. Dette medfører at bedrifta sitt vassbehov ikkje blir dekt av denne elva. Det er derfor behov for å kunne få vatn også frå vassverket og dei to grunnvassbrønnane.



Figur 1 Kart vedlagt søknad som visar plassering av grunnvassbrønner og peilbrønner i Nordre Vartdal.

Teknisk plan

Grunnvassbrønner og leidningsanlegg

Det vart i 2011 etablert to pumpebrønner og 4 peilebrønner i området ved Storelva. Brønnane er plassert i ein avstand på omkring 60 – 70 meter frå fjorden. Vatnet vert ført frå pumpebrønnane via ein sjøvassleidning til fabrikk som ligg ca. 2 km frå brønnområdet.

Veg

Brønnane har ikkje vegtilkomst, men ligg ved kanten av dyrkamarka ca. 50 og 65 meter frå parkeringsplass ved kyrkja.

Forholdet til offentlege planer

Kommuneplan

Tiltaksområdet er regulert til jordbruk i reguleringsplanen for området (planID: RTK-9310). Det vert i søknaden opplyst om at Ørsta kommune har gjeve løyve til etablering av pumpebrønner i området.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Uttalane frå høyringspartane er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller NVE sine nettsider. NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Ørsta kommune uttaler i brev datert 27.05.2019 at Samfunnsutvalet i kommunen den 24.08.2011 ga ein mellombels dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, reguleringsplan Nordre Vartdal sentralområde og kommunedelplan Vartdal for etablering av pumpebrønner for uttak av grunnvatn på Nordre Vartdal og legging av ein ca. 2500 meter lang vassleidning i sjø til Vartdal plast på Stupeneset. Føremålet var prøvedrift som grunnlag for ein søknad om konsesjon for uttak av grunnvatn, og at eventuelle nye og/eller meir permanente installasjonar må avklarast i høve til landbruksjord og kantsona langs elva. Kommunen har elles ikkje merknader til søknaden.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (tidlegare Fylkesmannen i Møre og Romsdal) har gitt uttale i brev av 07.05.2019. Statsforvaltaren uttaler at det ikkje er kjente naturverdiar i området ut over dei som er nemnt i søknaden, men opplyser om at Storelva har oppgang av anadrom laksefisk. Statsforvaltaren meiner det er lite som tyder på at uttak av vatn vil påverke hydrologien i området og at biologisk mangfald eller andre ålmenne interesser dermed heller ikkje vil bli påverka. Dei kan derfor ikkje sjå at det omsøkte vassuttaket vil ha vesentlege verknader for ålmenne interesser. Statsforvaltaren ber om at ein i størst mogleg grad tek vare på kantvegetasjonen langs vassdraget, ved etablering av brønnane og røyrleidning nær elva. Når det gjeld tiltaket i høve til sektorlovgivinga er det i følgje Statsforvaltaren ikkje naudsynt med behandling av søknaden etter laks- og innlandsfisklova eller særskilt behandling etter forureiningslova.

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit og minner i sin uttale datert 20.05.2019 om plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2016-2021. Planen inneheld miljømål for kvar enkelt vassførekomst i regionen og miljømåla legg føringar for NVE si saksbehandling og verksemd. NVE må vurdere korleis eit vassuttak vil påverke miljømålet til grunnvassførekomsten.

Når det gjeld automatisk freda kulturminne ønsker fylkeskommunen å få ei detaljert tilbakemelding om korleis tiltaket vil påverke landarealet dersom det skal gjerast inngrep som å legge leidningar, driftsvegar, eller anna anleggsaktivitet, før dei kan uttale seg om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering på dyrkamarka vest for elva. Når det gjeld kulturminne i sjø har saka vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet har ingen merknader til det planlagde arealinngrepet, men minner om at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn stansast straks.

Mattilsynet region Midt, avdeling Sunnmøre uttaler i brev datert 08.04.2019 at sidan vatnet ikkje vil bli brukt til drikkevassformål, er det ikkje krav til vasskvalitet eller produksjonsmengde etter

drikkevassforskrifta. Dei uttaler vidare at eksisterande vassverk i området, som forsyner dei fastbuande med drikkevatt, har vasskjelde med tilhøyrande nedbørsfelt som ligg oppstraums det omsøkte området for grunnvassuttak. Drikkevasskvaliteten til vassverket vil følgeleg ikkje bli påverka av dei nyetablerte brønnane. Mattilsynet føreset at eventuelle eksisterande private drikkevassbrønner innanfor eit relativt nærområde har blitt kartlagt og konsekvensutgreia i forkant av at brønnboringa fann stad, då vasstanden og vasskvaliteten i grunnvassbrønner kan bli påverka i negativ retning som følge av etablering av nye nabobrønner.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) uttaler i brev datert 15.05.2019, at det planlagde uttaket av grunnvatt ligg innanfor grusførekomsten Nordre Vartdal som av Noregs geologiske undersøking (NGU) er vurdert til å vere lokalt viktig, og ber om at grusressursen blir teken i betraktning i behandlinga av konsesjonssøknaden.

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 12.12.2019 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

Svar til Ørsta kommune sin uttale:

«Ørsta kommune har i 2011 gjeve følgjande løyve: "Løyve til bygging av pumpebrønner for uttak av grunnvatt og legging av ferskvassleidning i sjø"(sak 323/11).

I samband med prøvedrift av anlegget vart det etablert brønner, pumpehus og vassleidning. Desse installasjonane er altså allereie på plass. Heile anlegget med brønner og vassleidningar ligg utanfor dyrka mark. Installasjonane ligg mellom dyrka mark og elv. Det er kantskog langs elva og grunnen er prega av at stor stein frå dyrkinga er lagt opp i dette beltet. Vassleidningane er gravd ned.

Poly Har AS har målt inn brønner og pumpehus. Vassleidningen på land vert innmålt og data vert oversendt til Ørsta kommune. Alle data vil verta oversendt til Ørsta kommune i korrekt format. Pumpehus er det einaste synlege med anlegget. Dette er å ansjå som eit byggetiltak. Dersom det er uavklarte forhold kring dette vil det verta teke opp med Ørsta kommune.»

Svar til Møre og Romsdal fylkeskommune sin uttale:

«Det vert overlete til NVE å uttale seg om forhold som har med vatn å gjere. Vassleidningen går i ein kantsone av dyrka mark det er lagt opp stein frå nydyrkinga. Som vist i punkt 1, Ørsta kommune er alle installasjonar allereie etablert på bakgrunn av løyvet nemnt over. Det vart ikkje observert kulturminner under arbeidet.»

Svar til Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard sin uttale:

«I det aktuelle området er avstand til grunnvatt svært liten og det er ikkje grusressursar som kan takast ut utan at det oppstår konfliktar med dyrka mark, elv og veg. Ovafor uttaksområdet for vatn er det større grusavsetningar med ein del busetnad. Her kan det teknisk sett vere mogeleg å ta ut grus sjølv om det vil oppstå mange problemstillingar til dette. Grunnvassuttak vil ikke beslaglegge grusressursar.»

Svar til Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin uttale:

«Det er ikkje registrert endringar i vassføring i elva som følge av uttaket av vatn.»

Svar til Mattilsynet sin uttale:

«Det er ikkje kjent at uttaket av grunnvatt vil påverka drikkevassinteresser i området.»

NVE si vurdering

I denne søknaden er det søkt om uttak av vatn og NVE vurderer derfor vassuttaket og brønnplasseringane. Brønnane vart etablert i 2011. Vassleidningar på land og i sjø, tilkomstveg eller anna infrastruktur og installasjonar knytt til vassuttaket inngår ikkje i søknad om konsesjon, og blir ikkje behandla her.

Hydrologiske verknader av tiltaket

Det vert søkt om løyve til uttak av maksimalt 15 l/s eller 2200 m³/veke med grunnvatn. Det er i følgje opplysningar i søknaden venta at reservevasskjelda samla kan vera i bruk i inntil 4 månader i året. Når brønnane blir tekne i bruk, er brukstida inntil 8 timar pr dag, 5 dagar i veka, noko som vil gi eit uttaksvolum på 2160 m³ per veke.

Brønnane er plassert på elvedeltaet ved Storelva sitt utløp til Vartdalsfjorden. I søknaden er det opplyst at målingar i peilebrønnane viser mange og raske variasjonar i vassnivået, og at dette samsvarer med tidevassvariasjonar i fjorden. For peilebrønn P4 som vert påverka av pumping frå brønn B1, er det i søknaden gjort nærmare greie for samanhengen mellom vassnivå i elva og brønnen. Det er konkludert med at ein ikkje kan sjå at det er samheng mellom vassnivået i P4 og elva ved låge vassnivå, men at grunnvassnivået vil auke ved høgt vassnivå i elva. Det er vidare gjort greie for variasjonar i temperatur i elva, grunnvatnet og lufta, og at det ut frå desse målingane ikkje er avdekka forhold som indikerer at brønnane trekkjer inn elvevatn. NVE vurderer at uttaket kan reknast som lite sett opp mot vassføringa i elva i tillegg til at brønnane ligg nært utløpet av elva. Dersom ei senking av grunnvassnivået likevel skulle føre til indusert elveinfiltrasjon, vil dette lite truleg være til skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget.

I ytre og djupe delar av grunnvassmagasinet er det salt grunnvatn. For å undersøke vasskvaliteten med tanke på salinitet, er det målt elektrisk leiingsevne i peilebrønnane. Målingane for peilebrønn nr. 3 som ligg nærmast fjorden, viser innslag av saltvatn (brakkvatn) frå 4 meters djup. Målingane viser ei brå auke av leiingsevne ved 16 meters djup, noko som tydar på at saltvatnet dominerer i djupare lag av akviferen. Peilebrønn nr. 4 som ligg ved brønn B1 nærmast fjorden, viser auka leiingsevne frå 12 meters djup. I peilebrønn nr. 1, som ligg ved brønn B2 lengst frå fjorden og peilebrønn nr. 2 vest for brønn B2, er det ikkje registrert elektrisk leiingsevne innanfor borprofilet.

NVE registrerer at målingane av grunnvassforholda er gjennomført i perioden oktober 2011 til februar 2012, slik at årstidsfluktuasjonane for grunnvatnet ikkje er med. I søknaden er det presentert ei grafisk framstilling av gjennomsnittleg nedbør for perioden 2008 – 2017. Denne framstillinga viser at det i dei 5 månadene målingane vert gjennomført, kjem dobbelt så mykje nedbør som i dei 5 tørraste månadene. NVE vurderer at det er sannsynleg at periodar med lite nedbør og låg vassføring i Merkningselva vil vere samanfallande med mindre tilsig av vatn i grunnvassakviferen, og at dette kan auke risikoen for at pumping av vatn frå dei to brønnane kan føre til opptrekk av brakt og salt vatn. Kor stort uttak som kan gjennomførast utan å risikere å trekkja opp saltvatn frå djupare sjikt i akviferen, er i følgje målingane som det vert referert til i søknaden, oppgitt å vere eit samla uttak på 15 l/s. Det er ikkje testa kva den maksimale kapasiteten til brønnane er fordi dette er vurdert til å medføra inntrenging av saltvatn.

I følgje vassressurslova § 44 skal uttak av grunnvatn avgrensast til det grunnvassmagasinet toler. Det vil seie at det ikkje kan takast ut meir vatn enn det som blir tilført. Det same prinsippet gjeld òg ei eventuell senking av kvaliteten på grunnvatnet. For å veta når eit uttak eller påverking av grunnvatnet kjem over tolegrensa, er det viktig å ha kunnskap om tilstand og utvikling av grunnvassnivået. I denne saka heng det kvantitative uttaket med senking av grunnvassnivået saman med den kvalitative tilstanden, der risiko for salinitet i grunnvatnet vil auke i takt med senking av ferskvassakviferen.

Grunnvassmagasinet er i søknaden skildra som eit ope magasin, der nydanning av grunnvatn i hovudsak skjer som følgje av nedbør og tilførsel av grunnvatn frå lenger oppe i dalen. Sidan brønnane

ligg ved fjorden nedst i dalen og dermed nedstraums for det samla nedbørfeltet og grunnvassområdet, er det sannsynleg at både topografi og mektigheita av lausmassar oppover i dalen vil føre til eit jamt sig/tilstrøyming mot brønnområdet også i periodar med lite nedbør. Desse forholda saman med eit avgrensa uttak av grunnvatn både i volum og tid, vil etter NVE si vurdering medverke til at akviferen har tilstrekkeleg kapasitet for det omsøkte uttaket og at risiko for auka salinitet i ferskvassakviferen blir redusert. Vidare legg NVE til grunn at bedrifta vil ha ei eigeninteresse i å unngå å få saltvatn inn i produksjonssystema med tanke på korrosjon. Overforbruk av ressursen vil kunne senka grunnvassnivået så mykje, at salt grunnvatn trengjer inn i magasinet og gjer vatnet ueigna for bedrifta. Kontrollmålingar av grunnvassnivå og salinitet i akviferen både under pumping og over tid, kan i denne samanhengen bidra til å sikre at det ikkje oppstår endra kjemisk tilstand i akviferen, ved at vassuttaket blir stansa dersom målingar viser auka salinitet i vatnet.

Naturmangfald

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 til å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om å utnytte grunnvatn legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfald og effekt av eventuell påverknad, er basert på informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 29.03.2021. Ut frå opplysningar i søknaden vart brønnane etablert i 2011, noko som må tillegkast vekt i vurderinga av naturmangfald.

I følgje søknad er det innhenta informasjon om raudlista arter i nærleiken av tiltaksområdet, og det vert vist til at det er registrert observasjonar av den raudlista arten hettemåke (sårbar (VU)) i nærleiken av brønnområdet. Då hettemåkene er registrert som næringsseekjande og ikkje antatt å hekke i nærleiken, er det ikkje venta at tiltaket vil ha ein negativ verknad på arten.

I NVE sine egne søk er det også kome fram informasjon om at arten fiskemåke, som er registrert som nær trua (NT), er observert og registrert som rastande ved fjorden nord for brønnane. Det er også registrert svartbak innanfor det same området, som er ein norsk ansvarsart. Også denne arten er registrert som rastande. Dei siste registreringane av desse artane er frå 2018, og det er ikkje venta at tiltaket vil ha ein negativ verknad for artane sin bruk av området. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal opplyser i sin høyringsuttale at Storelva har oppgang av anadrom laksefisk, men meiner det er lite som tyder på at uttak av vatn vil påverke hydrologien i området og at biologisk mangfald eller andre ålmenne interesser vil bli påverka.

Når det gjeld landskap er det i søknaden vurdert at etablering av brønnar ikkje har betydning for landskapet. I søknaden er det òg konkludert med at tiltaket ikkje vil ha verknad på botaniske forhold, då grunnvatnet som skal nyttast ligg djupt i forhold til rotsona til planter. På grunnlag av kart som viser plassering av brønnane, kan det sjå ut til at dei er plassert innanfor kantvegetasjonen ved elva. Dette er ikkje nærmare spesifisert i søknaden, men NVE si vurdering blir bekrefta i søkjar sitt svar til Ørsta kommune sin uttale, der det er gjort greie for at installasjonane ligg mellom dyrka mark og elva. Det er i søknaden ikkje gjort greie for i kor stor grad etableringa av brønnar og tilhøyrande infrastruktur har påverka kantvegetasjonen og om vegetasjon er reetablert. Statsforvaltaren ber i sin høyringsuttale om at ein i størst mogleg grad tar vare på kantvegetasjonen langs vassdraget, ved etablering av brønnane og røyrleidning nær elva.

NVE vurderer at det er lite sannsynleg at tiltaket vil påverke viktig naturmangfald som er kartlagt i nærleiken av brønnområdet. NVE har også sett påverknaden frå grunnvassbrønnane i samheng med anna påverknad på naturmangfald. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på viktig naturmangfald. Kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8. Etablering av grunnvassbrønnane vil etter NVE si vurdering ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5, og det finst tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha for naturmangfald. NVE meiner derfor at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Brukarinteresser

I følgje søknaden er tiltaksområdet nytta til grasproduksjon, men ifølgje svar til Ørsta kommune sin uttale er det presisert at brønnane ligg utanfor dyrka mark.

I følgje søknaden vil det i periodar stå fiskarar langs elva, men det er ikkje venta at tiltaket vil ha nokon innverknad på desse brukarinteressene. I følgje Naturbase er det ikkje registrert kartlagde område for friluftsliv i området der brønnane er etablert.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har uttalt at grunnvassbrønnane ligg innanfor ein lokalt viktig grusførekomst. I sitt svar til DMF peiker søkjar på at grusressursar innanfor brønnområdet ikkje kan takast ut, utan at det oppstår konflikhtar med dyrka mark, elv og veg, og at grunnvassuttak dermed ikkje vil beslaglegge drivbare grusressursar.

Mattilsynet har i sin uttale til saken peikt på at eksisterande vassverk i området som forsyner dei fastbuande med drikkevatt, har vassskjelde med tilhøyrande nedbørsfelt som ligg oppstrøms det omsøkte området for grunnvassuttak. Drikkevasskvaliteten til vassverket vil følgeleg ikkje bli påverka av dei nyetablerte brønnane. Det er ikkje kjent at det er andre drikkevassbrønner innanfor nærområdet til grunnvassbrønnane, som kan bli påverka av uttaket.

NVE vurderer at etablering av brønnane og uttak av grunnvatt ikkje vil kome i konflikt med kjende brukarinteresser.

Kulturminne

I følgje søknaden er det nærmaste kulturminnet Vartdal kyrkjestad, som fekk vernestatus som "regionalt verneverdig" i 2017. Kyrkjestaden ligg omtrent 100 meter frå tiltaksområdet. Det er vurdert at grunnvassbrønnane ikkje vil påverke kulturminnet.

NVE har gjort eigne søk i Riksantikvaren sin database Askeladden den 29.03.2021, og det er ikkje kome til nye registreringar av kulturminne eller kulturmiljø/landskap i nærleiken av brønnane. I sitt svar til Møre og Romsdal fylkeskommune sin uttale, kjem det fram at det ikkje vart observert kulturminne under installering av grunnvassbrønnane. Dersom NVE gir konsesjon vil vi setje som eit krav at eventuelle funn blir teke omsyn til.

Vassforskrifta

Møre og Romsdal fylkeskommune som vassregionmyndigheit minner i sin uttale om plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2016-2021. Planen set miljømål for kvar enkelt vassførekomst i regionen og miljømåla legg føringar for NVE si saksbehandling og verksemd. Grunnvassførekomsten 095-776-G Nordre Vartdal har i databasen Vann-Nett ukjent kvalitativ og kjemisk tilstand, og er registrert med en middels påverking frå avrenning frå jordbruk.

NVE vurderer at eit avgrensa uttak av grunnvatt og kontinuerleg kontroll av salinitet i akviferen både under pumping og over tid, gjer at uttak av grunnvatt ikkje vil føra til ein dårlegare kjemisk tilstand i

vassførekomsten. Når det gjeld kvantitativ tilstand vurderer NVE at grunnvassmagasinet har god kapasitet.

Flaum, ras og skred

Brønnområdet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum og innanfor eller like ved område for stormflo. Dette er ikkje omtalt i søknaden. Uttak av vatn til det føremål som det er søkt om, er ikkje å regne som kritisk infrastruktur og konsekvensar ved flaum vil ikkje vere til skade for andre enn søker dersom brønnane blir råka av flaum.

Samfunnsmessige fordelar

Industriverksemda er avhengig av kjølevatn. Bruk av grunnvatn med stabil temperatur vil vere ei god og stabil vasskjelde. Ved å bruke eigne brønner vil det lokale vassverket bli mindre belasta i tørre og/eller kalde periodar med mindre tilsig av vatn. Ei sikker vasskjelde i periodar med vassmangel vil vera med på å tryggja produksjonen og arbeidsplassar knytt til verksemda.

Oppsummering

Søknaden gjeld uttak av maksimalt 15 l/s eller 2200 m³/veke med grunnvatn i Nordre Vartdal. Det har i forbindelse med høyring ikkje kome fram opplysningar om at uttaket vil få vesentlege verknader for almenne interesser, men det er peikt på enkelte forhold som bør vurderast og bli teke omsyn til. Dette gjeld blant anna miljømål for vassførekomsten og kantvegetasjonen langs vassdraget. NVE har vurdert at tiltaket sitt omfang og verknad for naturmangfald er godt nok utgreia jamfør naturmangfaldlova §§ 8 og 10, og at føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 ikkje skal vektleggast.

Det er avdekt at ferskvassakviferen står i direkte kontakt med saltvatn lengst ut mot fjorden og i djupet av lausmassane. Storleiken på uttaket og senking av grunnvassnivået heng derfor saman med den kvalitative tilstanden på grunnvatnet, der risiko for salinitet i grunnvatnet vil auke i takt med senking av ferskvassakviferen. Målingar av kor mykje ferskvatn ein kan ta ut utan å trekkja inn saltvatn, har vist ein samla kapasitet til to brønner på 15 l/s. Topografi og mektigheita av lausmassar oppover i dalen, saman med eit avgrensa uttak av grunnvatn både i volum og tid, vil etter NVE si vurdering medverke til at kviferen har tilstrekkeleg kapasitet for det omsøkte uttaket og at risiko for auka salinitet i ferskvassakviferen blir redusert. Det er ikkje avdekket at uttaket kan kome i konflikt med andre brukarinteresser. Samfunnsmessige fordelar ved vassuttaket er å tryggja industriverksemda og arbeidsplassar, og at det lokale vassverket bli mindre belasta i tørre periodar med mindre tilsig av vatn.

For at NVE skal kunne gje konsesjon må dei samla ulempene ikkje vera av eit slikt omfang at dei overskrid fordelane ved tiltaket. NVE kan sette krav om avbøtande tiltak som del av konsesjonsvilkåra for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Poly-Har AS løyve etter vassressurslova § 45 til grunnvassuttak i Nordre Vartdal. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter forureiningslova. Tiltakshavar må derfor søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har i sin høyringsuttale vurdert at dei ikkje kan sjå at det omsøkte tiltaket vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita

Når NVE har vurdert om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 45 har vi også gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12, som gjeld ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vi vurderer som eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at ein ikkje med rimelegheit kan oppnå føremålet med inngrepet i form av vatn til industriføremål med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Grunnvassuttak

Løyvet gjeld eit samla uttak av grunnvatn på maksimalt 15 l/s og 2200 m³/veke frå dei to etablerte brønnane i Nordre Vartdal.

For å ytterlegare sikre at uttak vert avgrensa til det grunnvassmagasinet toler jf. vassressurslova § 44, set NVE vilkår om at uttak frå desse brønnane kan skje i inntil 4 månader i året.

Vidare skal grunnvassnivå, samla vassuttak og salinitet målast i begge brønnane. Logging av vassforbruk skal gjennomførast kontinuerleg når brønnane er i bruk. Gjennomføring av målingane skal gå fram av og godkjennast i detaljplan for miljø og landskap, og data for uttak av vatn skal leggjast fram for NVE på førespurnad.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar uttak av vatn og brønnplasseringane. Vassleidningar på land og i sjø, tilkomstveg eller andre installasjonar knytt til vassuttaket inngår ikkje i vedtak om konsesjon. Etablering av brønnane er gjennomført og dei er tatt i bruk. Plan for logging av vassuttak, grunnvasstand og måling av salinitet skal sendes til NVE for godkjenning.

Tabellen under prøver å oppsummera føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Uttak av grunnvatn	Uttak er avgrensa til 15 l/s og 2200 m ³ /veke frå brønnane i Nordre Vartdal. Uttak kan samla skje inntil 4 månader i året.
Brønnar	Det vart i 2011 etablert to pumpebrønnar i området ved Storelva, og det er frå desse brønnane uttak av grunnvatn skal skje.
Naturmangfald	Statsforvaltaren ber i sin høyringsuttale om at ein i størst mogleg grad tar vare på kantvegetasjonen langs vassdraget. I samband med vedlikehald og anna arbeid knytt til brønnane, skal kantvegetasjonen langs vassdraget i størst mogleg grad bestå og vegetasjon som er eller vil bli fjerna for å kunne utføre arbeid kring brønnane, skal kunne revegaterast.
Andre forhold	NVE set som vilkår for løyve til å ta ut grunnvatn at vasskvaliteten blir overvaka. Både grunnvassnivå, samla vassuttak og salinitet skal målast. Kontrollmålingar av grunnvassnivå og salinitet i akviferen både under pumping og over tid, skal bidra til å sikre at det ikkje oppstår endra kjemisk tilstand i akviferen. Dersom målingar viser auka salinitet i vatnet, må vassuttaket stansa.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av

detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 7: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).